



Jens H N Bjordal
Grønlandsvegen 11
5918 FREKHAUG

Referanser:
Dykkar:
Vår: 20/15107 - 20/58119

Saksbehandlar:
Hogne Askeland
hogne.askeland@alver.kommune.no

Dato:
16.09.2020

Førebels svar med trong for tilleggsdokumentasjon - gbnr 357/34 Sætre

Tiltak: avlaupsledning/anlegg
Byggjestad: Gbnr: 357/34
Tiltakshavar: Mette Helene Johnsen Skjelanger
Ansvarleg sækjar: Jens H N Bjordal

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 04.09.2020.

Mottakskontroll

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at han ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforskrifta § 5-4. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

Gjennomføringsplan

- Søknaden manglar gjennomføringsplan.

Gjennomføringsplanen etter SAK10 § 5-2 skal sendast inn både ved søknad om rammeløyve og søknad om igangsetjingsløyve, i tillegg til ved endringssøknader. I tillegg skal gjennomføringsplan sendast inn ved søknad om ferdigattest og midlertidig bruksløyve, jf. SAK10 § 8-1.

Erklæringar om ansvarsrett

- Det er ikkje erklært ansvarsrett for ansvarsområde prosjektering (PRO)
- Skjema «Erklæring om ansvarsrett», har avkryssing for prosjektering, utføring og kontroll. Det skal ikkje vere ansvarsrett for kontroll i denne søknaden, dette må rettast opp.

Ansvarsrett skal erklærast for alle ansvarsområde i tiltaket. Opplysningar om ansvarsrett skal følgje søknaden, jf. SAK10 § 5-2 tredje ledd bokstav q). For søknad om rammeløyve er det oftast tilstrekkeleg med erklæring om ansvarsrett for ansvarleg sækjar, men også for ansvarleg prosjekterande om prosjekteringsforhold vert avklart i rammeløyvet. Før igangsetjingsløyvet vert gjeve skal det erklærast ansvarsrett for alle fagområda som omfattar prosjektering. Før midlertidig bruksløyve og ferdigattest vert gjeve skal det erklærast ansvarsrett for alle

fagområda som omfattar utføring og kontroll.

Søknaden skal innehalde informasjon om føretaket, naudsynt kontaktinformasjon og opplysningar om føretaket sine kvalitetssikringsrutinar og kvalifikasjonar, i tillegg til oversikt over kompetansen føretaket nyttar i tiltaket.

Andre manglar

- Det er sendt inn samsvarerklæring datert 08.03.2020 for ansvarsområde utføring (UTF). Det er erklært at arbeidet innan ansvarsområdet er avslutta. Samsvarerklæring skal behaldast av ansvarleg sækjar, og kun leggjast fram for kommunen ved eventuelt tilsyn.
- Sidan Fløysand har erklært at arbeida innan utføring (UTF) er avslutta 08.03.2020, ber me om tilbakemelding/utgreiing om arbeida med avløpsanlegget er starta før det føreligg godkjent løyve.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla **innan 05.10.2020**. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar sækjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Silje Haukedal
Avdelingsleiar

Hogne Askeland
Konsulent

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Fløysand Va AS	Fløksand	5918	FREKHAUG
Mette Helene Johnsen Skjelanger	Skjelangervegen 983	5917	ROSSLAND

Mottakarar:

Jens H N Bjordal	Grønlandsvegen 11	5918	FREKHAUG
------------------	-------------------	------	----------